



Statens vegvesen

MULTICONSULT ASA
Postboks 265 Skøyen
0213 OSLO

Torunn Åsheim

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/31271-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.05.2021

Tilbakemelding til Alver kommune – Fravikssøknad – Områdeplan Ostereidet – Alver kommune – planID 1263201802

Vi viser til brev frå Multiconsult dagsett 14.04.2021. Saka gjeld søknad om fråvik frå vegnormal N100 knytt til kryss Ev. 39 på Ostereidet i Alver kommune. Multiconsult skriv at reguleringsplanen har 3 fråvik frå vegnormalane. To av dei gjeld fylkesvegane og eitt gjeld vegarm av Ev. 39

Til Statens vegvesen er det søkt om fråvik knytt til følgjande:

- Hjørneavrunding i kryss mellom veg 10000 (o_SKV2) og 20500 (o_SKV5). Gjeld arm av E39
- Stigning i kryss mellom veg 10000 (o_SKV2) og 20500 (o_SKV5). Gjeld arm av E39.

Statens vegvesen har no vurdert søknaden om fråvik. Når det gjeld dei de to punkta som omhandlar E39–armen, vurderer vi dette som utbetringstiltak der fråvika er ivaretatt gjennom avbøtande tiltak, sporingskurver og kummar som vert lagt inn med omsyn til avrenning.

Det er N100 som gjeld ved planlegging av offentleg veg og dimensjonerings grunnlaget skal i denne saka vere 80 km/t. Saman med søknaden om fråvik er det levert plan- og profildekning som syner sikt i krysset Ev. 39. Vi legg til grunn at siktilhøva vert innarbeidd i høve til 80 km/t og at det ikkje er sikthindrande element i frisiktssona som til dømes rekkverk.

Multiconsult opplyser i sitt brev at det går føre seg drøftingar om framtidige eigarforhold til armen frå E39 men det er ikkje avklara på noverande tidspunkt. Reguleringsplanen legg til rette for ei ny løysing inne på området som vil gjere det vanskeleg for Statens vegvesen å drifte dette arealet. Det er frå Statens vegvesen si side heller ikkje ynskjeleg å halde fram med å drifte den nye vegsløyfa inne på området. Vi ser det derfor som naturleg at

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

omklassifisering av denne delen av Ev. 39 inngår som ei naturleg følge av at Alver kommune vedtar områdeplan Ostereidet. Spørsmålet om omklassifisering vil i seg sjølv ikkje vere til hinder for vedtak av planen når Statens vegvesen si motsegn i saka er løyst.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN
ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG